

Oslo, 15. desember 2006

Miljøverndepartementet  
Avdeling for regional planlegging  
Pb. 8013 Dep  
0030 Oslo

## **Retningslinjer for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg**

Vi viser til høringsbrev av 19. oktober.

### **Innleiing**

Norges Naturvernforbund meiner det er nødvendig med vidare utvikling av fornybare energikjelder, men må samtidig stille same strenge krav til natur- og miljøhensyn i slike saker som i alle andre utbyggingssaker.

Norges Naturvernforbund konstaterer at dei tematiske konfliktvurderingane som er gjennomført tidlegare, og dei retningslinene som nå er på høyring, vil vere nyttige hjelpemiddel for å oppnå at omfang og lokalisering av vindkraftanlegg kjem inn på eit meir naturvenleg spor enn vi har sett så langt. Under framleggelsen av dei tematiske konfliktvurderingane 20. januar 2006 la Direktoratet for naturforvaltning vekt på at det med utgangspunkt i dei planlagde prosjektene vil vera mogleg å realisera betydelig fleire Twh vindkraft enn de tre Twh som alt har fått konsesjon. Forutsetninga for å få til dette er at man har ei samordna planlegging. Difor helser Naturvernforbundet arbeidet som er gjort med retningslinjer for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg velkommen. Vi trur at dette saman med dei tematiske konfliktvurderingane er riktige skritt i retning av ei betre planlegging. Men vi konstaterer òg at dei tematiske konfliktvurderingane som DN og Riksantikvaren har gjort, viser at 37 av 67 planar er i stor eller svært stor konflikt med nasjonale miljømål. Av vel 20 TWh venta energi frå turbinar etter desse planane, er 16 TWh frå anlegg som er i store eller svært store konflikstar med dei same nasjonale miljømåla. Vi er klar over at dette treng ikkje å bli den endelege fasiten. Men samstundes som nokre prosjekt venteleg kan bli mindre skadelege gjennom endring av planane, er det grunn til å tru at

manglande kunnskapar om fleire av områda vil vise seg å ha som resultat at dei førebels vurderingane viser mindre konflikhtar enn det som vil komme fram seinare.

Den folkelege motstanden mot vindkraftplanar er mange stader stor. Denne motstanden har truleg vakse raskare i vindkraftsaka enn i noko anna miljøspørsmål. Vi ser dette som eit uttrykk for at natur og landskap er viktigare for mange i dag enn tidlegare. I stor grad ser det ut til å vere ein samanheng mellom denne folkelege motstanden og dei natur- og kulturfaglege realitetane som ligg bak konfliktvurderingane frå DN og Riksantikvaren. Alt dette gjev grunn til å tvile på om så store mengder vindkraft på land realistisk sett kan bli tilgjengelege utan store konflikhtar med andre verdiar og interesser.

Norges Naturvernforbund meiner at omsynet til samverknader generelt sett bør bli sterkare i retningslinene. Skottane har laga ei utgreiing om samverknader av fleire anlegg, ikkje berre for kvart fagfelt, men for biologisk mangfald, turisme, landskap osv. Slik vi ser det, er det berre under reindrift at det er stilt ufråvikelige krav til å vurdere samverknader.

## **Kap. 2 Energi- og systemforhold**

Vi registrerer at regjeringa har som mål å oppnå 30 TWh meir fornybar energi og energieffektivisering i 2016 samanlikna med 2001, og at meir utbygging av vindkraft utgjer ein viktig del av denne satsinga. Det er etter vår oppfatning ein vesentleg skilnad på ny produksjon og betre utnytting av tilgjengeleg energi. Dei to måla for energiforsyninga, å avgrense utsleppa av klimagassar og å halde naturinngrepa på eit nivå med akseptable ulemper, inneber ein dobbel skranke for større energitilgang. Vi går ut frå at akseptable ulemper inneber at vindkraft ikkje skal gå ut over målet om å stanse nedgangen i biomangfald innan 2010. Den faktiske konsekvensen av ein slik dobbel skranke er at samfunnet må innstille seg på å klare seg med mindre tilgang på ny energi enn tidlegare. Behov for nye energitenester må i aukande grad dekkjes gjennom effektiviserlig i staden for ny kraftproduksjon. Vi kan diverre ikkje sjå at regjeringa har drege den naturlege konsekvensen av den analysen som regjeringa presenterer. Dersom industrien og folk flest får inntrykk av at dei også i framtida nærast har rett på det dei vil forbruke av energi, held vi det som ein sikker prognose at vi får ein serie av nye "kraftkriser" som ikkje noko regjering kan få landet ut av

på kort sikt. Tida er inne for ei meir gjennomgripande vurdering av kraftsituasjonen enn det som regjeringa har lagt til grunn i dette høyringsutkastet.

Så langt har satsinga på miljøvenleg energi og energieffektivisering vore prega av mange velmeinte ønskje, men utan ei klar prioritering av ulike satsingsområde. Vårt forslag er at regjeringa nå legg større tyngde bak dei to punkta om energieffektivisering og ny varmeenergi til erstatning for straum brukt til oppvarming. Bioenergi og varmepumper har ingen negativ klimaeffekt, og dei representerer mindre konfliktfylte inngrep enn det meste av dei vindkraftplanane vi kjenner til så langt.

## **2.3 Infrastruktur**

### **Høgspenlinjer**

Vi meiner det bør understrekast at nettilknytning for vindkraftanlegg skal vurderast som ein integrert del av vindkrafta i dei regionale planane, og at bruk av jordkabel må inn som eit tiltak for vurdering.

## **3. Viktige omsyn**

Under kvart punkt er det markert i ein eigen boks dei forholda som tilseier at konfliktane vil vere svært store. Etter høyringsutkastet bør det i utgangspunktet ikkje komme vindkraftanlegg på slike stader eller i slike område. Vi er samde i dette. Planar som inneber store konfliktar med nasjonale miljømål, kan etter vår oppfatning ikkje utan vidare få karakteristikk akseptable miljøkostnader.

### **3.2. Verna område**

I tillegg til det som står i boksen, må retningslinene opne for at dersom det vert peika ut utvalde naturtypar eller prioriterte artar, i tråd med utkastet til naturmangfaldlov, skal desse naturtypane og leveområda for desse artane vere med i boksen, så sant det ikkje dreiar seg om artar som umogeleg kan ta skade av inngrepa. I tråd med innhaldet elles i boksen må også framlegg om utvalde naturtypar eller prioriterte artar vere til hinder for vindkraftinngrep.

For verna vassdrag bør regelen i vassressurslova § 35, punkt 5 gjelde. Det heiter der: "Nye anlegg kan bare tillates hvis hensynet til verneverdiene i vassdraget ikke taler imot."

### 3.5 Biologisk mangfald

Vi sluttar oss til det som står i boksen for svært stort konfliktpotensial. Men vi ønskjer å framheve nokre moment i tillegg. Med det omfanget vi ser av planar for vindkraftanlegg, er det sannsynleg – eller i det minste fare for – at artar som ikkje er direkte truga eller sårbare, eller naturtypar som ikkje er akutt eller sterkt truga, kan bli det som konsekvens av store arealinngrep. Svært stor konflikt er det ikkje berre dersom dei mest truga artane vert borte, men òg dersom nye artar blir direkte truga eller sårbare. Vi vil òg hevde, i tråd med definisjonen av biologisk mangfald i biodiversitetskonvensjonen, at å halde unna nokre eksemplar av artar eller naturtypar i nasjonal samanheng, ikkje er nok. Vi må ta vare på den genetiske variasjonen innan artane, og av den grunn akseptere at artar som er truga i *regional* samanheng, med sine leveområde, kan representere tunge nok innvendingar til å gjere konfliktpotensialet svært stort.

I konsulentrapportar for konkrete vindkraftplanar har vi sett klare døme på undervurdering av konsekvensane for raudlista artar. Konfliktgraden står dermed fram som lågare enn det som faktisk er tilfelle. Å gjere biologiske registreringar som er dekkjande, tek ofte lang tid. Når det er manglar ved slike registreringar, må 'føre var' i større grad ligge til grunn for avgjerda. Norges Naturvernforbund bed om at dette, som er sjølve poenget med føre var-prinsippet, går klart fram av retningslinene.

Erfaring frå Gotland viser at trekkfugl ikkje landar på gamle rasteplassar når det er satt opp vindturbinar, men lar væra å lande, og i staden flyr i eitt strekk frem til hekkeplassen. Fuglane overlever kanskje trekket, men det kan bli dårleg hekkeresultat. Ornitologiske registreringar har nyleg vist at Høg-Jæren er ein sentral landingsplass for svært mange fugleartar, mellom anna rovfuglar. Kysten langs Møre og Trøndelag er døme på "hovudriksvegen" for trekkande fugl. Hindringar i viktige trekkruter eller rasteplassar bør inn som årsak til svært store konflikhtar, sjølv om det ikkje gjeld truga eller sårbare artar.

### 3.6 Friluftsområde

Utgangspunktet er at alle skal kunne drive friluftsliv i nærmiljøet og elles i naturen. Dei aller fleste som er på tur ute, er det for å oppleve stilla og freden i naturen, å komme vekk frå støy og ureining og ut i frisk natur (*St.meld. nr. 39 (2001-2002) Friluftsliv*). I dei landdistrikta som er mest aktuelle for vindkraft, er terrenget som regel ope og møllene synlege over store avstandar. (Fylkeslaget var for denne utbygginga, da synes jeg det er uriktig av oss å bruke den slik vi gjør her)Sjølv om busettinga kan vere relativt spreidd, råkar dei negative effektane av vindmøller mange menneske som ofte ikkje har ein annan stad å fare til. Folk som har tilgang til opplevingsrik natur nær heimstaden, er naturleg nok ikkje vane med å reise langt med bil og gjerne ferjer for å komme på tur. Vi meiner dette bør komme med i boksen for svært stort konfliktpotensiale:

- dersom utbygginga råkar friluftsområde som folk med rimeleg innsats ikkje har noko alternativ til.

Av innvendingane mot mange vindkraftplanar går det fram at folk ser på naturen og landskapet nær buplassen som ein viktig kvalitet ved å bu der. Utelivet er ein del av dagleglivet og ikkje eit spesielt friluftsliv som dei driv i ein eller annan reiseavstand frå buplassen. Dette aspektet bør inn i kapitlet om vurdering av faktisk konfliktgrad.

### 3.7 Inngrepsfrie område

I boksen for svært stort konfliktpotensial bør komme eit tillegg til andre prikkpunktet, slik at det vert heitande

- i INON-område som går samanhengane frå sjø til fjell, eller på annan måte dekkjer fleire naturtypar i samanheng. Vindkraftutbygginga må ikkje redusere areala av villmark. Det er grunn til å verne inngrepsfrie kystområda mot vindkraftanlegg.

Poenget med tillegget ligg i logikken bak teksten i forslaget, at INON-området dekkjer ein eller fleire gradientar i naturen. I mange av dei aktuelle vindkraftområda er vekslingane i naturen store, utan at årsaka er, som i utprega fjordstrok, store høgdeskilnader frå sjøen.

### 3.8 Støy

At vilkåret for svært store konflikter skal vere at eksisterande eller planlagde hus – eller viktige friluftsområde – ligg i raud støysone, finn vi aldeles urimeleg dersom sonefargen referer til rundskriv *T-1442 Anbefalte utendørs støygrensar ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse*. Raud sone har støy over 55 dB(A). Vindmøllestøy er i utgangspunktet samanhengande i store delar av året, med ei langtidspåkjenning som er mykje større enn frå mange andre og varierende kjelder. Med raud sone som vilkår for svært store konflikter, vil vindmølleutbygging etter vår oppfatning komme klart i strid med målet om å redusere støyplaga med 25 prosent frå 1999 til 2010. Også gul sone (over 45 dB(A)) vil representere ei alvorleg påkjenning for mange, og vil kvalifisere til svært store konflikter.

### 4. Regionale planar for vindkraft

Vurderingar for større område i samanheng er etter vår oppfatning avgjerande for å få til utbyggingar med minst moglege konflikter og miljøkostnader. Vi vil sterkt understreke og støtte siste punktet i kapitlet, at handteringa av konsesjonssøknadene vert utsett til dei regionale planane er ferdige.

Når regionale planar er godkjende, må dei vere bindande for NVE på den måten at NVE utan vidare avviser søknader som etter ei samla vurdering av konsekvensane er spesielt konfliktfylte, eller der utbygging vil gå ut over store einskildverdiar i natur og landskap. Med nasjonale mål som utgangspunkt for planane, vil ein slik praksis vere heilt parallell til den vellukka ordninga vi har med Samla plan for vassdrag. Dette inneber at setninga på side 25 i høyringsdokumentet må heite:

- *søknader som er lokalisert i områder som i planen er vurdert å vere spesielt konfliktfylte, kan ikkje imøtekommes.*

Difor må denne setninga gå ut: *Konsesjonsmyndigheten må imidlertid alltid foreta en konkret vurdering av alle fordeler og ulemper i hvert tilfelle, inkludert muligheter for avbøtende tiltak.*

## **Midt-Noreg**

Olje- og energiminister Odd Roger Enoksen har bedd om rask handsaming av utbyggingsprosjekt i Midt-Noreg, av omsyn til kraftsituasjonen. Norges Naturvernforbund understrekar på det sterkaste at ein i denne samanheng må få ein forsvarleg handtering basert på regional plan.

## **6 Samordning av behandling av vindkraftanlegg**

Det bør etter vårt syn vere samsvar mellom konsesjon og regulering. Begge bør vere tidsavgrensa. Som eksempel vil vi vise til at Jæren Energi AS har fått konsesjon etter energilova for å byggje og drive Høg-Jæren vindpark i 25 år. Når denne perioden er over, skal møllene fjernast, og området tilbakeførast til tilstanden før møllene vart bygd. Samtidig er det vedtatt reguleringsplan for Hellandsmyr vindmøllepark i Time og Hå kommune, utan tidsavgrensing.

Med venleg helsing

**Norges Naturvernforbund**

Lars Haltbrekken  
styreleiar